


ÅRSMELDING 2014

FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 07/2015, 12.februar 2015



Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2014.

Oppgåvene for eit sokneråd er mange og viktige. Dette er m.a. kva kyrkjeloven uttrykkjer er soknerådet sine oppgåvar: *«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.*

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

Med dette som bakteppe kan ein godt tenkja at her blir oppgåvene nærast uendelege. Fjotland sokneråd har kvart år sett opp mål for kva me prioriterer å arbeida med. I denne årsmeldinga skal me prøva å evaluera dei mål me har sett opp.

Gudstenesteliv

Soknerådet ser på gudstenestene som eit svært viktig arbeid i kyrkjelyden. Sokneråd saman med gudstenesteutval og prest jobbar mot å gjera gudstenestene levande, inkluderande og styrkjande. Det er derfor svært gledeleg å sjå at me dette året har ein auke i besøkstala.

Dette året har den nye liturgien «sett seg» i gudstenestane. Musikken er me blitt kjent med og den bind gudstenestene fint saman.

Det er mange frivillige som deltek under gudstenestane. Me har ungdommar som hjelper med lyd og PP. Fleire har vore med som kyrkjevertar, forsongarar og tekstlesarar. Klokkeordninga er framleis løyst med frivillige.

Kveldsbøn

I november starta me med Kveldsbøn, ei kort samling ein onsdag i månaden. Konseptet med kveldsbønn kan ein finna langt tilbake i tid. Innhaldet i samlingane våre er veksellesing, korte betraktningar over ulike emne og salmesang. Det vil bli Kveldsbøn kvar andre onsdag i månadane framover.

Adventsamling Netlandsnes

Dette året prøvde me ut eit nytt opplegg med å flytta lysmessa frå Netlandsnes (første fredag i desember) til Fjotland (første sundag i desember). Dette gjorde me fordi besøkstala på denne gudstenesten har vore veldig liten. På Fjotland blei lysmessa arrangert på kvelden med servering av graut i kyrkjestova etterpå. Me erstatta gudstenesten på Netland med ei adventsamling. Dette var me fornøgd med og vil prøva denne ordninga også til neste år. På denne samlinga var det mye fellessong, andakt og ein liten quiz.

Barn og unge

Frå 1.juli 2014 innførte Lister prosti trusopplæringsreforma. Sidan me har hatt ei forsøksordning med dette i fleire år, blei største endring for oss ei nedskjering i økonomi.

Trusopplæringsutvalet har jobba fram ein god plan som fokuserer på aktivitetar og tiltak for born og unge. Planen er sendt inn til godkjenning og det venter me tilbakemelding på.

Dette året har konfirmantane delteke i heimegrupper (Tove og Odd Terje Helle og Judith Sofie og Per Øisten Rogstad. I tillegg har det vore KRIKsamlingar.

Elles vil me i soknerådet gjerne støtta opp om det arbeidet som allereie er i gong og blir gjort på dei ulike bedehus i soknet.

Diakoni

Kyrkja definerer diakonalt arbeid svært vidt. Det omfattar alt arbeid som gjev hjelp, støtte og omsorg til menneske i alle aldrar.

Arbeidet me har gjort med å lage sosiale treff etter gudstenester kan definerast som diakonalt arbeid. Ordninga med kyrkjeskysst held me òg fram med, og det fungerer greitt. Eit anna diakonalt arbeid me driv er andakt på Fjotlandsheimen

Konfirmantane deltok i Fasteaksjonen.

Dette året har me fått ferdig diakoniplanen for Fjotland. Det neste steget er å få sett saman eit utval for dette arbeidet. Lene Lovise, som blei innsett av biskopen i april, er med å styrke arbeidet.

I 2014 blei det òg vedteke å årleg dele ut ein diakonipris i kvart sokn. I Fjotland var det flott å kunna dela ut den første prisen til Tønnes Kvinlaug. Tønnes er aktiv både på bedehus og i kyrkja. Han og Magda hjelper til som kyrkjevertar og Tønnes er òg med på samlingar på Fjotlandsheimen.

Aktivitetar

I 2014 hadde me ulike arrangement knytta til gudstenestar. Me hadde gudsteneste ved Fjotland Bygdemuseum, utegudsteneste ved kyrkja og ein tur til Fjotlandsfjellet. Utegudstenesten ved kyrkja var barne og ungdomsutvalet med å arrangera.

I april arrangerte me konsert med Sverre Eftestøl i Netlandsnes kapell. Det blei ein flott konsert der Sverre spelte programmet han skulle bruka under konsert i London for oss.

I mai var soknerådet medarrangør for konsert med Helene Bøksle i Fjotland, i og haust arrangerte «Hvite lilje» konsert i kyrkja på Fjotland.

Også dette året blei det arrangert fest for konfirmantane.

Andre ting

Soknerådet har òg dette året behandla ulike høyringar, m.a. «kirkelig inndeling». I tillegg har me saman med Kvinesdal og Feda utarbeidd ny gudstenesteforordning. Den nye forordninga medfører noe færre gudstenester, men fekk ikkje store utslag for Fjotland. Me prøver å utlikna færre gudstenester med å arrangera Salmekveld. I haust arrangerte me ein slik. På denne kvelden song me mange salmer og Bodil Krågeland «kåserte» over temaet Salmer.

Soknerådet har jobba noe med planar for å utvida/rennovera kyrkjestova. Ellinor har jobba fram eit godt forslag som me nå sender inn til godkjenning og søknad om midlar for.

Tilsette

Msghna Okbamichael Mana var tilsett som kyrkjetenar fram til november. Etter det har Per Øisten gjort det meste av dette arbeidet med hjelp av Øivind.

Til slutt vil eg gjerne takka alle i soknerådet for all glede det er å vera saman med så flotte og positive menneske. Elles vil eg òg takka alle som er med og gjer gudstenestene flotte med song, musikk og tekstlesing. Me er òg takknemlege for arbeidet gudstenesteutvalet og trusopplæringsutvalet gjer. Sist, men ikkje minst takk til alle som er med og deler gudstenestefellesskap med oss.

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Marit Homme(leiar), Ellinor Stakkeland, Tom Arnold Lindefjeld, Signe Brith Breimoen, Elise Orre, Hilde Kristine Narvestad, varamedlemmer: June Bergeslien, May Britt Tønnessen Netland

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 7 møter og behandla 39 saker.

GUDSTJENESTEUTVAL

Inger Johanne Fjotland, Elise Orre, Marit Homme, Signe Brith Breimoen, Galib Mammadov, Birgitte Kvinlaug, May Britt Helle, Reidulf Krossli Ljøkjell

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Tom Arnold Lindefjeld og Ellinor Stakkeland

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad, Marit Homme og Siv Anita Narvestad.

TROSOPPLÆRINGSUTVAL

Odd Terje Helle (leder), Lovise Versland, Janne Senland, Signe Irene Stakkeland

MENIGHETSBLADET TREKLING(Felles):

Leiv Gunnar Skiftun (red), Torhild Meland, Arnold Omland, Merete Breimoen og Elisabeth A. Overå

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Feda og Fjotland: Reidulf Krossli Ljøkjell

Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun

Diakon: Lene Lovise Holgersen

Trosopplæring: Cathrine Rafoss Agedal, Kathrine Marie Edvardsen Moi,

Organist: Galib Mammadov og Sverre Eftestøl

Kyrkjeverge: Per Øistein Rogstad

Adm. sekr: Turid Nedland

Sekretær: Sylvi Vatland

Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen og Svein Tore Stegemoen

Kyrkjetener i Fjotland: Msghna Okbamichael Mana fram til november

Kyrkjetener i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjeld og Tor Alsvik vore frivillige hjelparar

Rengjøring utført av Rut Melve Kvåle

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2010	2011	2012	2013	2014
Antall gudstenester	31	36	38	38	38
Gj.snitt gudstenestebesøk	83	83	70	59	62
Gj.snitt nattverdgjester	38	31	34	26	19
Samla offergåver	92751	80605	83561	69709	81343
Dåp	8	11	10	9	6
Konfirmerte	10	6	9	8	11
Vielser	5	4	3	4	6
Gravferd	6	8	6	7	7

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstjeneste utvalget har hatt 4-5 møter. Vi har planlagt gudstjenestene sangere og andre aktiviteter i gudstjenestene.

TRUSOPPLÆRING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det har vært ein skule/barnehagegudstjeneste i Fjotland kyrkje.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skuespill, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og de tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Barnehagen på Kvinlog var med på julevandring.

BABYSANG

Babysang er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysang er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom mellom ca. 50 babyar med mødre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysang.

LYSVAKEN

Det var ikkje Lysvaken i Fjotland kyrkje dette året.

TÅRNAGENTAR

Det var ikkje Tårnagenthelg i Fjotland dette året.

KVINESDAL SOUL CHILDREN

Kvinesdal Soul Children er et kor for de mellom 10 og 16 år. Øvelse på Liknes bedehus annenhver tirsdag fra k. 18.45 -20. I oktober deltok vi på Soul Children festivalen i Oslo. Der var vi sammen med kor fra inn og utland og sang sammen i et felleskor. Norske og internasjonale

artister er hvert år med som gjestesolister. I desember arrangerte vi egen julekonsert i Kvinesdal kirke, ca 180 stk kom på konserten. Vi er ca. 45 medlemmer i Kvinesdal Soul Children. Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vært med i Kvinesdal Soul Children

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Kvart år i juni er Heilt på jordet festivalen – ein kristen familiefestival. Festivalen har eigen komite som arbeider med festivalen.

I 2014 ble Heilt på jordet arrangert 7. juni. Det var omtrent 750 besøkande på festivalen. 5-åringane i kommune blei invitert til gudstjenesta som Kvinesdal menighet hadde i Heiltpåjordet-teltet søndag 8. juni, der fekk dei utdelt ein dvd.

BETWEEN OK

Hadde 16 betalende medlemmer i 2014, då medrekna juniorledere frå ungdomsskulen. Samlast ein tyrsdag i månaden på Kvinlog bedehus. Samlingane varer halvannen time:

Andakt, leiker, konkurransar og spill. Kvar vår har me basar til inntekt for Barnas misjonsprosjekt i regi av NLM.

KONFIRMANTARBEID

Konfirmantkullet 2013/2014

Vi hadde 11 flotte konfirmanter dette konfirmantåret og vi hadde konfirmasjon både i Fjotland kyrkje og på Netlandsnes kapell.

Undervisningsopplegget for dette konfirmantkullet bestod av vanlig undervisning, samling i hjemmegrupper, praktisk diakonal oppgave og deltagelse KRIK samt konfirmantleir på Liland (Tonstad).

Hjemmegrupper er en viktig del av undervisningen. Disse hjemmegruppene hadde ansvaret for å være medliturger på en gudstjeneste i løpet av konfirmasjonstiden. Tove og Odd Terje Helle samt Judith og Per Øistein Rogstad hadde hjemmegrupper. En stor takk for at dere prioriterte denne viktige oppgaven!

Den vanlige undervisningen hadde vi hovedsakelig i Fjotland kyrkje, men enkelte samlinger ble også holdt i kyrkjestova

Den praktisk diakonale oppgaven som konfirmantene var med på var KNs fasteaksjon som bøsseinnsamlere. Noen av foreldrene var med som sjåfører. Takk til foreldre og konfirmanter for god innsats! Marit Homme la veldig godt til rette alt det praktiske med fasteaksjonen, en stor takk også til Marit! Vi kan si oss fornøyd med et resultat på **Kr 13 038,-**

Konfirmantene fra Fjotland kyrkjelyd dro på Konfirmantleir sammen med konfirmantene fra Kvinesdal- og Feda menighet. Vi reiste til Liland(Tonstad) på Skileir. Opplegget bestod av undervisning, gruppesamlinger, sosiale samlinger, gudstjeneste og en hel dag i slalombakken. Pga av mye vind og kaldt ble nok ikke opplevelsen i slalombakken den aller best for en god del av konfirmantene. Likevel tror vi at de aller fleste har med seg gode opplevelser fra leiren. Konfirmantutvalget var med å planla konfirmantleiren også for dette året. Uten dette utvalget hadde det vært vanskelig å få til konfirmantleir!

Det ble gitt undervisning for konfirmanter med spesielle behov ved Reidulf K Ljøkjell og Lene Lovise Holgersen i Kvinesdal kirke, (En konfirmant fra Fjotland kyrkjelyd dette konfirmantkullet)

Konfirmantåret ble avsluttet med «Konfirmantenes gudsteneste» der vi form av en gudseeneste fylt med ulike scener og bilder fikk innblikk i hva kristen tro og liv handler om, en kjempeinnsats av konfirmantene. Etter gudstenesten ble konfirmantane med familie invitert av Fjotland sokneråd til fest på Fjotland bedehus

Til slutt, takk til flotte konfirmantar som bidro til at vi fikk eit flott konfirmantår sammen!

Konfirmantkullet 2014/2015:

Seks konfirmanter ble presentert for Fjotland kyrkjelyd 14. september. Konfirmantane har ganske likt opplegg som det kullet før hadde.

Odd Terje og Tove Helle sa ja til å ha samlinger for konfirmantane hjemme hos seg. Disse samlingene tror vi er viktige med tanke på at konfirmantane da kan få snakket om tro, være sammen sosialt og lære om bønn.

Nytt for dette konfirmantkullet er leiren som vi har endre ganske mye på. Leiren er flyttet fra januar til oktober og i fra Liland til Lista flypark og Flippside. Vi fikk til en flott leir med undervisning, sosialt, tilbud om varierte aktiviteter samt besøk av Ruben Gaski med show på lørdagskvelden. I stedet for at vi lederne laget til mat og hadde oppvasken, kunne vi nå gå til ferdig dekket bord.

Nytt for dette konfirmantåret er det også at vi starter undervisningen likt fra gang til gang med en liturgisk åpning. Vi er spent på resten av dette konfirmantåret.

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag(oddetallsuker) kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Vi har samlingar for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med en konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og hver vår kåres en vinner gjennom året som gikk.

ARBEID FOR VAKSNE

Gudstenestene er kyrkjelyden si hovudsamling og det viktigaste tilbudet for vaksne. Nokre er og med i bibelgruppe/smågruppe.

MISJONSPROSJEKT

Fjotland sokn har støtter misjonsprosjekt til NMS – Innvandrarbeid i Paris.

TREKLANG

Menighetsbladet TREKLANG hadde i 2014 (2013 i parantes) et normalår utan kirkejubileer eller spesielle begivenheter som skulle dekkes. Bladet kom ut med i alt 5 (5) nummer med 120 (156) sider – i snitt 24 sider for hvert nummer. Bladet trykkes i flerfarge-trykk på Hegland Trykkeri. Samarbeidet med trykkeriet har vært forbilledlig, og har hatt en form som har vært arbeidsbesparende for redaksjonen.

Ved julenummeret ble det prøvd ut nytt format. Mariell Hovdhaugen ble da grafisk medarbeider.

Redaksjonen har i 2014 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red), Merete Breimoen, Arnold Omland, Elisabeth Overå og Torhild Meland. I tillegg inviteres forskjellige personer i menighetene til å levere stoff til bladet. **Merkantilt ansatte ved kirkekontoret** har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til støtte-annonsører.

Regnskapet blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet for 2014 viser et **overskudd på kr 31.045,76**. Trykke-kostnader var kr. 100.500, mens porto var 32.804. Bladets driftsfond var 01.01.2014 kr 149.226, noe som tilsvarer rundt ett års drift.

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift, sammen med støtteannonser fra næringslivet. Med unntak av Kvinesdal Gjestehus og begravellesbyråene bruker næringslivet i bygda i liten grad bladet som aktivt annonseorgan.

Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig

HEIMESIDA

Fellesrådet i Kvinesdal har eigen heimeside. Nettsida har adresse www.kvinesdal.kirken.no og har både sentral og lokal informasjon. Nettstaden blei oppgradert i juni 2013, og framstår nå langt meir oppdatert. Lag og foreiningar er velkomne til å få lagt inn opplysningar om seg sjølv og egne arrangement. Stoff som ønskes inn på nettsida, kan sendes på e-postadressen tnedland@kvinesdal.kirken.no.

Fjotland kyrkje har også facebook side.

D. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokneråd

Disposisjonsfond pr. 01.01.2014	89 586
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	21 175
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Disposisjonsfond pr. 31.12.2014	11 0761

Disposisjonsfond kyrkjetekstilar

Disposisjonsfond pr. 01.01.2014	4 520
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Disposisjonsfond pr. 31.12.2014	4 520

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk for soknerådet (overskot) for 2014 på kr 34.215,41

Ofringar og gaver (tall for 2013 parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 24.882 (20.487)
Kyrkjeofringar til andre	kr 50.461 (49.222)
Fasteaksjonen	kr 13.038 (10.761)